

Kvalitetsmelding for barnehagane i Voss herad - barnehageåret 2025-2026



VOS2A BARNEHAGEN
EIN GOD START FOR ALLE

Innleiing

Visjonen vår; «**Ein god start for alle**», skal i arbeidet framover vera retningsgjevande for arbeidet i vossabarnehagen. Ein god start; tidleg innsats, inkludering og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod, er gode prinsipp for arbeidet med barnehagane våre.

Barnehagen skal bidra til ein god barndom her og no, leggja grunnlaget for livslang læring, eit godt liv og deltaking i samfunnet i framtida. Gode barnehagar som løftar alle barn uavhengig av bakgrunn, er det viktigaste bidraget for å skapa eit samfunn med små forskjellar og like moglegheiter for alle.

Heradet har eit overordna ansvar for at barnehagane vert drivne i tråd med barnehagelova med forskrifter, uavhengig av om barnehagen er kommunal eller privat. Barnehagen skal bidra til ein god barndom, her og no, men òg leggja grunnlaget for livslang læring, eit godt liv og deltaking i samfunnet i framtida.

Barnehagar skal sjåast på som det fyrste trinnet i utdanningsløpet, og må difor anerkjennast som ei pedagogisk verksemd, der klare mål for kvalitet og utvikling, skal gje alle barna i Voss herad ein trygg og god start.

Denne kvalitetsmeldinga har som føremål å gje politikarane, men òg andre interesserte, informasjon om status og kvalitet i barnehagane våre.



Nøkkeltal

Voss herad har 11 kommunale barnehagar, 7 private barnehagar og ein open barnehage i Vonheim. Hausten 2025 gjekk 830, 97,4 %, av barna våre i barnehage, og av desse er det 39,7 % barn som går i dei private barnehagane. Vonheim open barnehage er godkjent for 40 plassar.

Ein gjennomsnittleg barnehage har ei opningstid på 9,4 timar pr. dag og eit opphaldsareal på 5,6 kvadratmeter pr. barn. Kostpengar er i gjennomsnitt på 455 kr. pr. månad.

(Kjelde: [Statistikk barnehage | udir.no](https://statistikk.barnehage.udir.no))

Barn 1-5 år	2024	2025
Kommunale barnehagar	493	497
Private barnehagar	331	333
Totalt	824	830
Vonheim opene barnehage	Godkjent for 40 plassar	Godkjent for 40 plassar

Barn 1-2 år	2024	2025
Kommunale barnehagar	198	183
Private barnehagar	114	125

Barn 3-5 år	2024	2025
Kommunale barnehagar	295	314
Private barnehagar	217	208

Minoritetsspråklege barn i barnehage

Barnehagen er ein viktig arena for sosial utjamning, for å førebyggja utanforskap og for språktrening. Det er difor viktig at minoritetsspråklege barn går i barnehage. Pr. 15.12.25 går 89 barn med anna morsmål enn norsk, dansk, svensk, samisk og engelsk i barnehagane i Voss herad.

Heradet får tilskot til tiltak for å styrka den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage. Kriteria for å få tilskot er at minoritetsspråklege barn i barnhage er minst 10 prosent, og tal minoritetsspråklege barn i barnehagen er minst 50.

	2024	2025
Kommunale barnehagar	73stk	72 stk
Private barnehagar	14stk	17 stk

(Kjelde: [Statistikk barnehage | udir.no](https://www.udir.no/statistikk/barnehage))



Tal barn pr. 15.12.25, fordelt på dei ulike barnehagane

Voss herad	Tal barn i barnehagen	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Skulebyrjarar
Bjørnmarka barnehage	49	17	32	15
Bolstad barnehage	14	4	10	2
Bulken barnehage	30	15	15	5
Evanger barnehage	12	5	7	2
Gjernes barnehage	32	14	18	7
Hagahaugen barnehage	33	20	13	2
Hauge barnehage	15	6	9	5
Klausabakken barnehage	126	43	83	33
Kløve barnehage	26	7	19	9
Tueteigen barnehage	59	17	42	9
Voss barnehage	101	35	66	22
Totalt kommunale bhg	497	183	314	111
Bordalen barnehage	17	6	11	4
Mønshaugen barnehage	17	9	8	3
Regnbogen barnehage	57	21	36	11
Rogne barnehage	18	7	11	4
Skulestad barnehage	78	30	48	15
Sundve FUS barnehage	48	22	26	7
Tvildemoen barnehage	98	30	68	27
Totalt i private bhg	333	125	208	71
Totalt i private og kommunale bhg	830	308	522	182


(Kjelde: Administrasjonssystemet, IST)



Kapasitet per 2025

KAPASITET I DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE PÅ VOSS
PER 15.12.2025

■ Tal barn 2025 ■ Ledige plassar 2025*



Tabellen viser tal barn i 2025 og ledige plassar (arealkapasitet) i dag.

- Grøn søyle viser tal barn i barnehagen per 15.12.2025
- Raud søyle viser tal barn det er plass til i høve areal.

*Ut frå unytta areal i barnehagen er det rekna ut tal ledige plassar. Barn under tre år skal ha 5,3 m², store barn skal ha 4,0 m. I utrekningane er det nytta gjennomsnitt areal per plassar 4,65

Bemanning i barnehagen

Barnehagelærarar i barnehagane

Tabellen under viser prosentdel barnehagelærarar i den einssilde barnehage per. 15.12. 2024 og 15.12. 2025

Barnehage	15.12.24	15.12.25
Heile landet	42 %	42,2 %
Voss	43,7	43,6
Björgamarka barnehage	46,8	45,0
Bolstad barnehage	48,3	42,3
Bulken barnehage	55,0	56,8
Evanger barnehage	30,0	17,1
Gjernes barnehage	58,3	58,3
Hagahaugen barnehage	43,8	43,1
Hauge barnehage	43,3	51,4
Klausabakken barnehage	45,9	47,5

Barnehage	15.12.24	15.12.25
Kløve barnehage	31,3	31,5
Tueteigen barnehage	28,6	34,6
Voss barnehage	42,1	43,9
Bordalen barnehage	40,8	35,4
Mønshaugen barnehage	40,0	38,1
Regnbogen barnehage	46,2	46,2
Rogne barnehage	49,4	48,2
Skulestad barnehage	40,6	40,4
Tvildemoen barnehage	46,9	48,0
Sundve Fus barnehage	45,5	35,1

Bemanning i barnehagen

	Oppfyller pedagognorma	Oppfyller ikkje pedagognorma	Oppfyller pedagognorma med disp.
Kommunale	63,6%	18,2%	18,2%
Private	57,1%	28,6%	14,3%
Vestland	82,7%	4,9%	12,4%

Barne- og ungdomsarbeidar	15.12.24	15.12.25
Heile landet	31,4	22,8
Vestland	30,0	20,9
Voss	11,0	12,0

Barn pr. tilsett 2025 i barnehagane



5,5 %

På Voss



5.7 %

Nasjonalt gjennomsnitt

Den gjennomsnittlege bemanninga i barnehagane er for låg. Barnehagane har berre 2-3 timar eller mindre i løpet av dagen der tal tilsette er i tråd med bemanningsnorma, medan barnehagen si opningstid oftast varierer mellom 9 og 11 timar. Møter, kurs, sjukefråvær, foreldresamtalar, planleggingstid, ulike vakter osv., er alt med på å ta tilsette vekk frå jobben med barna, og gjera belastinga større på dei tilsette som er att på avdelinga.

Tal årsverk i barnehagane pr. 15.12.25

Voss herad	Totalt tal årsverk	Styrar	Ped.leiar	Anna grunnbemanning
Bjørgamarka	12,6	1	6,0	5,6
Bolstad	5	0,4	2,0	2,6
Bulken	8,1	0,6	4,4	3,1
Evanger	3,5	0,5	1,0	2
Gjernes	7,9	0,7	4,2	3
Klausabakken	34,6	2	16,0	16,6
Hauge	4,4	0,4	2,3	1,7
Kløve	7,3	1	3	3,3
Voss	29,9	2	12,7	15,2

Voss herad	Totalt tal årsverk	Styrar	Ped.leiar	Anna grunnbemanning
Tueteigen	13	1	5	7
Hagahaugen	10,5	0,6	4,2	5,7
Bordalen	5,5	0,5	2	3
Rogne	4,8	0,5	2	2,3
Mønshaugen	4,8	0,4	1,6	2,8
Tvildemoen	22,2	1	10,4	10,8
Skulestad	20,9	1	8	11,9
Regnbogen	15	2	6	7
Sundve	12,08	1	4,6	7,2


Bemannings- og pedagognorm

- Stortinget har vedteke bemannings- og pedagognorm i barnehagen. Norm for bemanning stiller krav om at det skal vera minimum ein tilsett per tre barn under tre år, og ein tilsett per seks barn over tre år. Pedagognorma vil seia at det skal vera minst ein pedagog per sju barn under tre år, og ein pedagog per 14 barn over tre år.
- Bemannings- og pedagognorma er eit minimumskrav til kva bemanning som skal vera i barnehagen. I Lov om barnehager § 26. *Grunnbemanning*, heiter det at bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan driva ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd.
- At barnehagen har bemanning i tråd med bemannings- og pedagognorma vil ikkje sei at barnehagen har tilstrekkeleg til å driva ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd.
- Faktorar som barnegruppa si samansetning, borna sin alder og borna sine utfordringar må takast med i vurderinga om bemanninga er tilfredsstillande.
- I tillegg til grunnbemanning, kjem bemanning som skal sikra barn sine rettar etter *Lov om barnehage* §§ 31. *Rett til spesialpedagogisk hjelp* og 37. *Barn med nedsett funksjonsevne*.




Barnehagane på Voss

Fargane viser om barnehagen oppfyller pedagognorma.
 Grøn=oppfyller, Grå=oppfyller med disp og Raud=ikkje oppfylt



Evanger barnehage hadde ikkje pedagogar pr. 15.12.2025, og fekk heller ikkje innvilga dispensasjon frå utdanningskravet.

Fargane viser om barnehagen ligg over eller under norm. Grøn=under, eller lik og Raud=over



«Veileder om tilstrekkelig bemanning i barnehagen»

- Mars 2025 kom regjeringa med ein ny rettleiar som skal hjelpa barnehagane med å vurdere om bemanninga til ei kvar tid er tilstrekkeleg, og når det skal setjast inn vikar.
- Rettleiaren tydeleggjer det ansvaret barnehageeigar har for å sørge for at det er nok tilsette til stades med barna gjennom heile barnehagedagen, og at kravet om tilstrekkeleg bemanning gjeld til kvar ei tid, uavhengig av kor mange tilsette som av ulike årsaker er fråverande.
- Sjølv om minimumsnorma til grunnbemanninga er oppfylt, tyder det ikkje automatisk at barnehagen er innanfor kravet om tilstrekkeleg bemanning.
- Med tilstrekkeleg bemanning i heile opningstida, er barna sikra eit trygt og godt pedagogisk tilbod heile dagen. Dette kan bidra til å styrka kvaliteten då dei tilsette mindre åleine med barnegruppene.
- Rettleiaren har tiltak som barnehagane kan nytta for å avhjelpa periodar med låg bemanning, t.d. redusert opningstid.
- Tilstrekkeleg bemanning er òg viktig for at barnehagelærarar og andre tilsette skal bli verande i yrket.

Kjelde: [Veileder om tilstrekkelig bemanning i barnehagen | udir.no](https://udir.no)


For å få eit inntrykk av korleis bemanningssituasjonen i dei kommunale barnehagane er i dag, har administrasjonen bede styrarane gjere ei vurdering:

«Sjå barnehageåret 2024/2025 under eitt. I snitt, kor mange timar brukar de i kvar einskild barnehage, for å sikra ei forsvarleg bemanning (få tak i vikarar osv.)»

Ser ein på barnehagane samla, brukar dei i gjennomsnitt kring 6 timar i veka, dette svarar til ein 16% stilling.

Totalt vert det såleis bruk i underkant av 2 årsverk (176%) i barnehagen, berre for å sikra forsvarleg bemanning. I tillegg vert det utført arbeid kring dette i administrasjonen, mellom anna til vikarliste.

1. Sjå barnehageåret 2024/2025 under eitt. I snitt, kor mange timar brukar de i kva einskild barnehage, for å sikra ei forsvarleg bemanning (få tak i vikarar osv).



Kjelde. Kunnskapsgrunnlaget - Barnehagestruktur

Dispensasjonar

- Pr 25.februar 2026 har me 4,9 årsverk pedagogar på dispensasjon frå utdanningskravet, fordelt på 5 barnehagar, 3 kommunale barnehagar; Bolstad, Kløve og Bjørgamarka, og to private; Sundve og Bordalen.
- Mønshaugen barnehage har dispensasjon frå pedagognorma, og Evanger- og Tueteigen barnehage driftar utan å oppfylle pedagognorma.
- Barnehagane har aldri før hatt så mange dispensasjonar frå utdanningskravet som i dag. Dette er ikkje berre ei lokal utfordring, men noko me ser i store delar av landet vårt. Me står ovanfor ei stor nasjonal utfordring som må takast på største alvor.
- Det vert såleis ei stor utfordring for Voss å nå det nasjonale målet om at minst 60% av dei tilsette i barnehagen skal ha barnehagelærerutdanning innan 2030, når me i dag har problem med å få tak i barnehagelærarar til å dekkja pedagognorma i alle barnehagane våre. Det same vil vera for å nå nasjonale mål for barnehagelærarar med masterutdanning.



Barnehagane våre har til tider hatt store utfordringar med å ha nok bemanning gjennom barnehagedagen. Alle leiarane, og dei tilsette, strekker seg langt for å klara å løysa dette i kvardagen, men nokon gonger er dette ikkje mogleg å løysa. Ingen av barnehagane har måtta stengt p.g.a. av bemanningsutfordringar, men fleire av dei har måtta bedt foreldra om å henta tidlegare.



Barnehage	Bedt foreldra om å henta tidlegare	Stengt grunna bemanningsutfordringar
Voss	2	0
Klausabakken	1	0
Bjørgamarka	0	0
Tueteigen	6	0
Hagahaugen	1	0
Bulken	2	0
Bolstad	2	0
Evanger	5	0
Hauge	0	0
Gjernes	0	0
Kløve	0	0



Sjukefråvær i barnehagane

- Det har dei siste åra vore stort sjukefråvær i barnehagane i Voss herad, men no ser me at alt det gode arbeidet med sjukefråværet, både på kommunenivå, leiarnivå og i den einkilde barnehage, som vert gjort, kanskje gjev resultat.
- Sjukefråvær er "ferskvare" og det er ikkje alltid lett å konkludera ut frå statistikk. Det viktigaste er at det vert arbeida godt med sjukefråvær, personalarbeid og arbeidsmiljø i barnehagane og i administrasjonen.
- Sjukefråvær heng ofte saman med manglande ressursar, høge emosjonelle krav og høg belastning på færre tilsette. Det handlar ofte om å få på plass nok folk.

- Det er store variasjonar frå barnehage til barnehage, og frå kvartal til kvartal. Sjukefråværet er høgast der det er meir enn 17 legemeldte dagar, dvs. det legemeldte fråværet.

Sjukefråvær i dei kommunale barnehagane, 4 kvartal 2025





Kjelde: Rapportert frå dei private barnehagane

Barnehageopptak 2026

- I følge [Lov om barnehager \(barnehagelova\)](#) §16 har alle born som fyller eit år innan november det året det vert søkt om barnehageplass, lovfesta rett til barnehageplass dersom det vert søkt innan fristen. Barnet har rett til plass i den kommunen det bur i, og heradet har plikt å tilby barnehageplass til borna som har rett på det.
- I tråd med barnehagelova § 17er det samordna opptak for dei kommunale og dei private barnehagane i heradet. For å sikra likebehandling av barn, og av kommunale og private barnehagar, er det heradet som barnehagemyndede som er ansvarleg for barnehageopptaket.
- Ved hovudopptaket våren 2026 har alle barn med rett til barnehageplass fått tilbod om barnehageplass. Ikkje alle har fått plass i ein barnehage dei har prioritert, men då fått tilbod i annan barnehage i heradet.
- Etter vedtak om avvikling av Hagahaugen barnehage, og flytting av borna frå Hagahaugen til Kløve barnehage, søkte flesteparten om omplassering til annan barnehage. Per 10.04.2026 er det åtte av desse borna som ikkje har fått tilbod om omplassering.
- Tilbod om barnehageplass skjer hovudsakleg i samband med hovudopptaket mars-mai kvart år, men me har òg fortløpande opptak til ledige plassar i løpet av året. Hausten 2025 var det noko bevegelse i barnegruppa i fleire av barnehagane, og per 31.12.25 hadde alle barn fødd i desember 2024, med ønske om barnehageplass før 01.01.2026, fått tilbod om barnehageplass. Barn fødd i desember 2024 har ikkje rett til barnehageplass før august 2026.
- Per 10.04.2026 har me fire barn på ventelista som er fødd i desember 2026, og dermed ikkje rett til plass før august 2027. Om desse borna vil få tilbod om barnehageplass før den tid heng saman med om me har ledig kapasitet i nokon av barnehagane.

	2024	2025	2026
Nye søkjarar til hovudopptaket	197	190	178
Søknadar om byte av barnehage	105	88	111
Total tal søkjarar til barnehageplass	302	278	289

Kjelde: Administrasjonssystemet, IST

Utfordringsbilete - ei oppsummering

Utfordringsbiletet for barnehagane i Voss herad er i stor grad prega av behovet for **omstilling** for å sikra berekraftige tenester fram mot 2027.

Administrasjonen har arbeidd med prosjektet «Barnehagar og skular for framtida» for å møte desse endringane.

- **Rekruttering og kompetanse:** Det er ei aukande utfordring å rekruttera nok kvalifiserte pedagogar og andre ressurspersonar. For barnehageåret 2025/2026 er det fleire tilsette utan godkjent utdanning, og talet har vore stigande.
- **Kvalitet i barnehagen:** Å heva kvaliteten i barnehagane våre er eitt av dei viktigaste verkemiddela for å løysa rekrutteringsutfordringane våre. Høg fagleg kvalitet gjer barnehagen til ein meir attraktiv arbeidsplass, som igjen vil tiltrekka seg den kompetansen ein treng for å oppretthalda kvaliteten. Fagleg stoltheit og trivsel, betre arbeidsmiljø gjennom bemanning, karriere og utviklingsmoglegheiter og auka status og omdømme, er kvalitetsheving som vil kunna tiltrekka seg søkarar som ynskjer eit sterkt fagmiljø.
- **Demografiske endringar:** Det er naudsynt med ein barnehagestruktur som toler svingingar i barnetalet for slik å sikra føreseielege rammer og berekraftig drift.

- **Bemanning:** Den gjennomsnittlege opningstida i barnehagane på Voss er 9,4 timar, og varierer mellom 9 og 11 timar. Ein tredel av barnehagane har berre 2-3 timar, eller mindre, i løpet av dagen der tal tilsette er i tråd med bemanningsnorma. Møter, kurs, sjukefråvær, foreldresamtalar, planleggingstid, ulike vakter osv., er alt med på å ta tilsette vekk frå jobben med barna, og gjera belastinga større på dei tilsette som er att på avdelinga. Bemanningsnorm heile dagen er viktig for kvalitet, rekruttering, sjukefråvær og for å klara å behalda dei tilsette.
- **Kvalitet på barnehagebygg:** Å ha bygg som er funksjonelle, trygge og stimulerande, og som støttar barn si læring, trivsel og helse, er kvalitet. Gode fysiske rammer inkluderer fleksible rom, god akustikk, dagslys, varierte uteområde og universell utfordring, og er avgjerande for å sikra det pedagogisk innhaldet.
- **Kapasitet:** Det er ei stor utfordring at me har mykje ledig arealkapaistet i grendene, medan det er utfordringar med å gje plass til alle som ynskjer barnehage i sentrumsområdet. Dette er utfordrande både i høve økonomi og bemanning at me har så mykje areal-overkapasitet. Det vert difor vurdert bygging av ny barnehage, eller utviding av eksisterande kapasitet, i og nær Voss sentrum.
- **Sjukefråvær:** Mange barnehagar har over tid hatt høgt sjukefråvær, noko som påverkar stabiliteten og kvaliteten i tilbodet. Ein ser likevel ein positiv trend der fråværet er på veg ned i enkelte kvartal. Det vert arbeidd godt med dette på alle nivå i organisasjonen.

Spesialpedagogiske tiltak i barnehage

Tal barn som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp

	2023	2024	2025
Gutar	34	24	24
Jenter	13	12	4
Totalt	47	36	28

Tabellane syner nedgang i tal barn som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Det kan vera fleire årsaker til dette, men omlegging av arbeidet til PPT inn mot barnehage og skule i samband med kompetanseløftet er med stort sannsyn ein av forklaringane.

I samband med kompetanseløfte har heradet snudd på organiseringa av det spesialpedagogiske arbeidet. PP-tenesta jobbar no meir på systemnivå, er meir til stades i barnehagane og bidrar i større grad med å førebyggja vanskar og å tilpassa barnehagetilbodet til mangfaldet i barnegruppa. Det er òg utarbeida nye rutinar for spesialpedagogisk hjelp som både dei kommunale og dei private skal nytta.

Tal barn med vedtak om individuell tilrettelegging

2023	2024	2025
20	15	16

Tal barn med utsett skulestart

2023	2024	2024
1	2	1



Voss herad som barnehagemyndede

- Voss herad som barnehagemyndede skal sikra at alle barnehagane, både kommunale og private, vert drivne i tråd med Lov om barnehager og Rammeplan for barnehagen.
- Dette inneber å ha ei tydeleg på-sjå-rolle; heradet skal følgja med på, vurderer og kontrollere at barnehagane føl lovverket og eventuelt gjennomføra tilsyn om ein etter ei risikovurdering vurderer at det er risiko for lovbrøt.
- Tidlegare har barnehagemyndede gjennomført tilsyn i 4-5 barnehagar kvart år, etter ein rullerande plan. Etter endring i lovverket skal tilsyn no setjast i gang etter risikovurdering i høve Lov om barnehage, med forskrifter.
- Etter risikovurdering opna barnehagemyndede tilsyn i ein kommunal barnehage i desember 2024, og i ein privat barnehage i januar 2025. Tilsynet i 2024 avdekket lovbrøt i høve administrativ leiing, pedagognorm og bemanningsnorm. Det vart sett i verk tiltak for å retta avvika undervegs i tilsynet, og frå 01.06.2025 var avvika lukka. Der det vart opna tilsyn i januar 2025 vart det ikkje avdekket avvika.



Kompetanseheving og rekruttering

- God kvalitet i barnehagane våre, kan i seg sjølv vera eit rekrutteringsfortrinn. Kvalitet i barnehage er kjenneteikna av høg, og rett kompetanse, godt samarbeid og profesjonell entusiasme mellom dei tilsette. Personalet si tilrettelegging for heilskapleg læring og utvikling, medverknad og trivsel, er sentralt.
 - Kompetanseheving er viktig for å auke kvaliteten, skapa motiverte medarbeidarar og gode tenester. Me vil skapa ein raud tråd i det me gjer gjennom å styrka styrarteamet, staka ut ein retning og gjera gode vegval for den framtida me ynskjer for barnehagane våre.
 - Me fortset arbeidet mot å skapa ein felles identitet for Vossabarnehagane, og at alle barna våre skal få eit lika godt barnehagetilbod, uansett kva barnehage dei går i; "Ein god start for alle".
 - Det er viktig med rekruttering, men det er òg viktig å behalda dei me allereie har som tilsette i barnehagane våre. Gjennom godt og trygt leiarskap, pedagogisk satsing, kompetente tilsette, relasjonskvalitet og systematisk arbeid, er me godt i gang med denne jobbe.
- Personalmøter og planleggingsdagar
 - Felles leiarmøter for styrarane i kommunale barnehagar
 - Felles fagmøte med styrarane i dei private barnehagane
 - Nettverk, t.d. for styrarane, for ped.leiarar og nyutdanna nyttilsette pedagogar
 - Fadderordning for alle nyttilsette
 - Felles satsingsområde i dei kommunale barnehagane
 - Leiaropplæring i Voss herad
 - Vidareutdanning og styrarutdanning
 - Kollektiv kompetanseheving – Hardanger/Voss kompetanseregion
 - Satsing på lærlingar – ny lærlingstrategi
 - Prosjekt sommarjobb – sommarjobb i barnehage til ungdom i aldersgruppa 15-18 år
 - Deltakar i arbeidsgruppa for rekruttering i Voss herad
 - Rekrutteringstillegg

Nokre av tiltaka våre:

Felles satsingsområde 2026-2030

Kvifor lesing er viktig?

- Det er sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med pedagogisk utviklingsarbeid, og det er laga ein langsiktig plan for dette arbeidet i barnehagane våre.
- Det er bestemt at det skal vera felles satsingsområde for dei kommunale barnehagane. Dei to fyrste åra er det språk og kommunikasjon som er vidareført, og då med fokus på lesing, og det å verta lest for.
- Barnehagane har i tillegg eit sjølvvalt satsingsområde som dei har spesielt fokus på i eigen barnehage. Dette gjerne med utgangspunkt i resultatane frå foreldreundersøkinga
- Språk er avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar, og arbeidet med barn sitt språk, skal vera ein sentral del av Vossabarnehagen sin kvardag.
- Det å lesa bøker er ein veldig god måte å stimulera språket på, og gjev eit rikare språk og eit større ordforråd. Eit barn som kan mange ord og omgrep, blir flinkare til å føra samtalar når dei startar på skulen, og dei har òg lettare for å læra seg å lesa og skriva.
- Universitetet i Stavanger har gjennomført ei undersøking som viser at 1 av 3 av føresette ikkje les for barna sine. Då er det viktig at barnehagane gjer det me kan for å endra dette talet, og setja fokus på kor viktig lesing er.
- Foreldre/føresette sine haldningar til lesing og leserutinar, har større innverknad på barn sine framtidige lese- og skriveferdigheter og språkutvikling, enn utdanningsnivået deira.
- Foreldregruppene i barnehagane vil få ein presentasjon om tema på foreldremøta på våren og ved oppstart på hausten.
- Å satsa på lesing, og det å bli lest for, håpar me vil gje borna på Voss ein god start på skuletida og ein lettare veg til lesing og skriving.



Foreldreundersøkinga

Foreldreundersøkinga – eit verktøy for barnehagane

- Foreldreundersøkinga er eit frivillig, årleg verktøy frå Udir der føresette gir attendemelding om t.d. trivsel, tryggleik, bemanning, samarbeid og barnehagetilbod.
- Foreldreundersøkinga er fyrst og fremst eit verktøy for den enkelte barnehage, der tilsette og føresette er med i prosessen med å velga ut forbetningsområde og koma med forslag til tiltak.
- Resultata vert brukt aktivt av barnehagar, barnehagen sine eigarar og dei statlege utdanningsmyndighetene for å analysera, forbetra og utvikla kvaliteten i barnehagen.
- Administrasjonen føl opp barnehagar med bakgrunn i bekymring kring resultat, og vurderer om det er område staben bør følga opp.

Kva viser undersøkinga dette året?

- Dei aller fleste foreldre er nøgde med barnehagetilbodet, og dei seier at barna trivest og har gode relasjonar til dei vaksne.
- Foreldreundersøkinga har halde seg stabil over tid, men me ser ei heller stor auke i alle måleindikatorane dette året. Me ser for oss at dette kan ha samanheng med barnehage- og skulestruktursaka som har vore aktuell dette barnehageåret.
- Private barnehagar ligg litt høgare på dei ulike måleindikatorane samanlikna med kommunale barnehagar, dette ser me òg på dei nasjonale resultata.
- Me ligg likt på måleindikator «henting og bringing» som omfattar spørsmål om ein er nøgd med korleis dei tilsette møter ein ved levering og henting i barnehagen.
- Dei kommunale barnehagane har som mål å liggja mellom 4,5 og 5 på områda **Barns trivsel, Barnet si utvikling og Relasjon mellom barn og vaksne.** Ein ser at her vert ein målt til høvesvis, 4,8, 4,7 og 4,7, og ligg såleis over 4.5 på alle måleindikatorane.

[Resultater fra Foreldreundersøkelsen i barnehage - alle spørsmål | udir.no](#) - Kommunale barnehagar


[Resultater fra Foreldreundersøkelsen i barnehage - alle spørsmål | udir.no](#) - Private barnehagar

Foreldreundersøkinga - 2026

Henta frå Barnehagefakta.no



Kommunale barnehagar



Private barnehagar

Kvalitet i barnehagen - ei oppsummering

- Kvaliteten på barnehagen er avgjerande for at barnehagen skal vera ein førebyggjande og helsefremjande arena som er med og utjamnar sosiale forskjellar. Barnehagar av god kvalitet har ein førebyggjande funksjon for ei rekke risikofaktorar, medan barnehagar av låg kvalitet er ein risikofaktor.
- Me vil ha ein berekraftig struktur som sikrar alle barnehagebarn i Voss herad tilgang på eit barnehagetilbod av god kvalitet. Med store utfordringar med rekruttering, tilsette som sluttar i jobben og går over i andre jobbar, mange gamle og lite hensiktsmessige bygg og store ulikskapar i pedagogtettleik, er det utfordrande å gje alle barna i Voss herad eit barnehagetilbod av god kvalitet.
- Det er ikkje barnehagestørrelsen i seg sjølv som er det viktigaste for at barna skal ha ein trygg og god barnehagekvardag. Det er innhaldet og kvaliteten som er mest avgjerande. Det vil mellom anna sei det sosiale miljøet, det pedagogiske tilbodet og tilgang på utdanna fagpersonar og dei andre tilsette i barnehagen. Den største utfordringa me står overfor er rekruttering. Dette er både ei lokal og nasjonal utfordring. Her må både folkevalde og administrasjon, på alle nivå, jobba for å sikra rekrutteringa til yrket. Lukkast me med rekruttering, vil me i endå større grad lukkast med at vossabarnehagen vil gje «Ein god start for alle».
- Barnehagen er den viktigaste førebyggjande arenaen i heradet, då barna er i barnehagen store delar av kvardagen.
- Barnehagetilsette er særst viktige personar for barna, og dei tilsette sin kompetanse er difor av avgjerande betydning for barn si kjenslemessige, kognitive og sosiale utvikling gjennom måten dei gjev omsorg på, og korleis dei skapar trygge og gode lærings- og utviklingsmoglegheiter.
- For å oppretthalda og vidareutvikla kvaliteten i vossabarnehagane, må det jobbast nasjonalt og lokalt med rekruttering til yrket for å få nok tilsette til alle barnehagane våre. Slik situasjonen er no, er det vanskeleg å halda på barnehagetilbodet og barnehagestrukturen me har i dag.

Til slutt: Det er eit stort ansvar at alle barn i Voss herad skal ha ein trygg og god oppvekst, kjenna meistring og få realisert potensialet sitt for utvikling og læring. Å skapa gode barnehagar for alle barn er difor ei av dei viktigaste oppgåvene for heradet.

